

Populær allsong på Tiaren.

27.06.2017



Kristian Bringedal(f.v.), Reidar Myklebust og Svein Rimestad leia allsonghalvtimen.

Siste tirsdag i kvar måned er det ein halv time med allsong på Kafè Tiaren. I dag var det såleis allsongtirsdag med ei songøkt mellom kl.12 og 12.30. Populært er det, for då klokka tikka mot 12, var det mange som kom til Gamleskulen. Då songen starta var det så godt som fullsett i lokalet av fastbuande og tilreisande feriegjester m.a. frå Tyskland.



Det gode frammøtet viser at mange set pris på allsongstundene.

Det var Kristian Bringedal(trekkspel) , Reidar Myklebust og Svein Rimestad(begge gitar) som leia an i allsongen. Frå første tone på innleiingssongen **Når det blomstrer i Hardanger** var det god trøkk i songen, og stemningen blant dei frammøtte viste tydeleg at dei kosa seg. Det fortsette med gode allsongar som **Sangens glade tropp, Red River Valley(på norsk) og Tir n`a noir** før vi kom til dagens nye song. Kristian Bringedal er som kjent svak for songar knytta til kystkulturen, og denne gongen vart **Fanaraaken**, tileigna fylkesbåtane sin båt med same namn, lansert. Bringedal spådde at dette ville verta årets allsongslagar i Uskedalen. Alt etter første gjennomkøyring skjønna vi at det er godt mogeleg at han får rett.

Etter å ha vore gjennom **Trubadurvise, Vigelandsvalsen og Bestefarsvalsen**, vart det klart for avslutning med ein ny runde med **Fanaraaken**. Allsongøktane varer alltid ein halvtime. Etter den kan altså gjestene fortsetja å drøsa og kosa seg med alt det gode Tiaren-damene har å by på av påsmurt og kaker.

Kafè Tiaren er open kvar tirsdag mellom kl.11 og 14. Den er svært populær, og det er særdeles billig. Alt kostar 10 kr. med eitt unnatak. Det er påfyll av kaffi som kostar 5 kr. Vi la også merke til at det var ein del damer som hadde hatt seg ein tur på ein knapp time då dei kom inn att like før allsongen starta.

Det er tydeleg at mange set pris på allsong. Til dei som ventar på **Allsong i Sjøkanten** på Oska har vi ei gladmelding. Laurdag 8.juli er det klart for den første allsongøktane der denne sommaren.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.